

Slagverksseminaret gav topp inspirasjon...

21.04.2007



Responsen frå deltakarane på trommeseminaret med den kjende slagverkaren Frank Jakobsen sist laurdag, har til fulle vist at dette var eit vellukka tiltak. Verkeleg ein skikkeleg fulltreffar. Dei tre deltakarane frå skulemusikken, Katrine Y. Røssland, Stian S. Myklebust og Julie G. Myklebust, gav alle uttykk for at dette var kjempegøy. Dei var topp inspirerte, og fylt av eit sterkt ønskje om å koma i gang med heimeøving på trommesettet så raskt som mogeleg.

At alle tre ønskte heimeøving på trommesett, gav skulemusikkleiinga ei kjærkoma utfordring: dei hadde tre læringsvillige og positive slagverkarar, men skulemusikken hadde berre to trommesett. Dette vart kjapt løyst ved at dei fekk låna trommesettet til vaksnemusikken som for tida ikkje er i bruk. Dermed fekk alle oppfylt ønskjet sitt om å ha trommesett heime. Denne aktiviteteten skaper heilt sikkert ytterlegare framgang for den lovande trommetrioen.

På spørsmål om dei ønskte at Frank Jakobsen skulle koma tilbake til hausten, var svaret klart, og trioen var heilt samstemt: - Han måååå berre koma tilbake..... mange gonger.

Etter det vi skjønar er det store sjansar for at også dette ønskjet vert oppfylt.

Tilbakemeldingane frå dei andre deltakarkorpsa vi har vore i kontakt med, har og vore svært positive.

Thor Inge Døssland